

Ideen til boka om Gustav Bergstø vart til for eit par år sidan då Kristian Bringedal hadde formidla til Gausvik at folk i Mauranger meinte det burde skrivast ei slik bok. Forfattaren var ikkje vanskeleg å be og gjekk til oppgåva med liv og lyst.



Olaf Agnar Gausvik har skreve ei 220 siders bok om Gustaven

– Gustav kjøpte utmarka til onkelen min i Uskedalen då eg var i 13-årsalderen og etablerte ei lita bedrift på området der vi gutane leika, fortel Olaf Agnar Gausvik til *innsida.no*. Såleis kom han i nærkontakt med mannen som seinare skulle bli vide kjend.

Den tidlegare adjunktken og journalisten frå Kvinnherad starta skrivearbeidet for alvor i fjor sommar og legg no fram ei bok på 220 sider om naboen sin i Uskedalen.

Boka er inndelt i åtte delar, eller kapittel, og tar for seg ulike epokar av Gustav Bergstø sitt mangslungne liv. Lesarane får til dømes høyra om «Napp» og «Fyk», dei to første aluminiumbåtane Gustav'en bygde på Korsneset. Eit anna kapittel tar for seg historien om vedakongen Bergstø.

*Draumen om St. Petersburg* er eit anna kapittel i boka. Mange vil hugsa Bergstø sitt arbeid for å få i gang levering av geitekjøt til fattige menneske i den russiske storbyen. Prosjektet vart eit kjempenderlag for han.

– Mykje av innhaldet i boka har eg bygt på tre gode samtalar eg hadde med Bergstø heime på kjøkenet hans i haust, fortel Gausvik.

Andre hendingar er skrivne etter forfattaren sitt eige minne frå oppveksten i Uskedalen, så å seia heilt inn på livet til gründaren, som kom frå Mauranger og etablerte seg på Korsneset der Gausvik og kameratane hans leika.

– Korleis tok han det då han fekk vita at du skulle skriva bok om han?

– Å, han vart svært oppglødd og glad for initiativet. Under samtalanene i haust fekk eg overlevert fleire bereposar med lesarbrev han har skrivne opp gjennom åra. Så det har ikkje akkurat mangla på skriftleg materiale, seier Olaf Agnar Gausvik.

Denne veka er han på tur til Kvinnherad for å marknadsføra boka. Onsdag blir han å treffa i SPAR-butikken i Uskedalen, medan boka blir lagt ut for sal hjå E. G. Gausvik i Mauranger same dagen. Seinare håpar han at boka kjem i sal i bokhandelen.

Sættesdalsforlaget AS i Valle står som utgjevar av boka, som har fått tittelen *Gustaven og dei siste mohikanarane*.

Av Kristian Hus, innsida.no